

KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Sakshandsamar
Marte Nygård Varpe

Vår dato
07.10.2025

Dykkar dato
01.07.2025

Dykkar ref.

Høyringsvar - forslag til ny forskrift om momskompensasjon for frivillige organisasjonar

Viser til høyring av 1. juli 2025 der Kultur- og likestillingsdepartementet har lagt fram forslag til ny forskrift om momskompensasjon for frivillige organisasjonar.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har ansvar for å forvalte fleire tilskotsordningar til frivillige lag og organisasjonar. Til dette arbeidet ligg også forvaltninga av momskompensasjonsordninga. Det er positivt at forskrifta har fått ein meir brukarvennleg struktur og at sentrale vilkår er blitt framheva, slik som kravet til frivillig innsats.

Vi støttar forslaget om at Lotteri- og stiftelsestilsynet skal hente godkjent årsrekneskap direkte frå Rekneskapsregisteret for dei organisasjonane som allereie har levert årsrekneskapen sin til registeret. Ei brukarretta og effektiv forvaltning vil bidra til ein enklare kvardag for frivillige. Dette føreset at forvaltarar både deler og gjenbruker informasjon.

Vi støttar også forslaga om at drifts- og vedlikehaldskostnader knytt til utleige av fast eigedom blir gjort om til ein frådragspost i forenkla modell, og at avgrensing knytt til bevertning etc. i dokumentert modell, ikkje blir vidareført. Det er positivt at departementet tar forenklande omsyn til tilskotsmottakarane slik at ressursar kan bli frigjorde til aktivitet. Forenklingsgrepa er også tidssparande for forvaltaren, og bidrar til ei meir effektiv tilskotsforvaltning.

Vidare er det positivt at departementet følger opp fleire av råda som er gitt i rettleiaren [Forenkling av statlege tilskotsordningar for frivillige organisasjonar](#). Dette gjelder blant anna heving av terskelen for når ein krev revisorrapport.

Med helsing

Marte Nygård Varpe
rådgiver jurist

Marianne Skjeldestad Hove
avdelingsdirektør for frivillighetsstøtte

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur